
Vår referanse 2021/16955-2
Dato 30.04.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Arealoverføring – Fv. 5470 Fonnebustvegen - Gnr 106 bnr 12 og bnr 17 Fanebust - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Infrastruktur og veg, viser til brev mottatt 31.03.2021. Alver kommune ber om uttale til søknad om tiltak på gnr. 106 bnr. 12 og 17 med frist for uttale 28.04.2021.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om overføring av areal mellom gnr. 106 bnr 12 og bnr. 17 i Alver kommune. Bnr. 17 flytter grense ca 25 meter lengre sør, inn på bnr. 12. Føremålet på sikt er å oppføre driftsbygning på arealet. Det skal søkjast om eige avkøyrsløyve til fylkesveg 5470 Fonnebustvegen.

Uttale:

Vestland fylkeskommune ved Infrastruktur og veg uttalar seg som samferdslemynde med ansvar for trafikksryggleik og framkome på fylkesvegnettet.

Arealoverføring:

Vi har ikkje vesentlege merknader til søknad om arealoverføring. Vi vil likevel vise til at tiltaket ikkje er nabovarsla og at Vestland fylkeskommune som eigar skal ha høve delta på ei eventuell oppmåling og kartforretning.

Driftsbygning og avkøyrsløve:

Arealet som skal overførast er regulert gjennom reguleringsplan *Fonnebost småbåthamn, planid 1263-201205*. Arealet som er søkt overført er regulert til landbruksføremål. Planen viser ikkje eigen avkøyrsløve til området der ny driftsbygning skal oppførast.

Ved søknad om ny avkøyrsløve som er i strid med gjeldande plan, kan søknaden handsamast på ulike måtar. Anten som planendring, dispensasjon frå plan eller som søknad etter veglova § 40. Vi rår vanlegvis til at søknaden vert handsama som ei planendring. På denne måten får søkjar og vegmynde ei kartfesta rett til avkøyring og ikkje berre eit vedtak på sida av planen.

Kommunen skriv at dei ynskjer å handsame søknad om avkøyrsløve i eigen sak. Vi vil vise til at det skal gode grunnar til for å opne for ny avkøyrsløve på ein eigedom som allereie har tilknytning til offentleg veg. Dersom kommunen velgjer ei handsaming etter plan og bygningslova må kommunen sende saka på høyring til Vestland fylkeskommune. Kommunen må vise til ei avkøyrsløvevurdering i samsvar med handbok R701 og vurdering etter § 43 i veglova. Ei avkøyrsløve må i alle høve vere dimensjonert etter forventa bruk, og elles følgje krav gitt i handbok N100. Slik vi forstår søknaden er avkøyrsløve plassert i nærleiken av ei regulert møteplass med krav om opparbeiding jf. reguleringsplan for Fonnebust småbåthamn. Dette er ikkje ei optimal plassering av ei ny avkøyrsløve. Vestland fylkeskommune vil gjerne delta på ei synfaring med kommunen og tiltakshavar før det vert vurdert å gje løyve til ny avkøyrsløve her.

Den Trondhjemske postveg:

Kommunen ber om ei uttale angående tiltaket si nærleiken til den Trondhjemske Postveg. Vestland fylkeskommune med sektoransvar som regional kulturminnemyndigheit vil svare ut i eige brev dersom dei har merknad til tiltaket. Vi minner likevel om at Postvegen er eit musealt veganlegg som er eigd og forvalta av Statens vegvesen, og at spørsmål om kulturminnet også må rettast dit.

Sluttord:

Vestland fylkeskommune har fleire merknader til søknad om arealoverføring, driftsbygning og etablering av ny avkøyrsløp.

Vi vil gjerne delta på synfaring for å vurdere om det er grunnlag for å etablere ny avkøyrsløp til fylkesveg 5470 Fonnebustvegen slik det er vist til i søknaden.

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift